

## Sakspapir

| Sakshandsamar | Arkiv    | ArkivsakID |
|---------------|----------|------------|
| Sveinung Toft | FA - X03 | 17/591     |

| Saknr    | Utval         | Type | Dato       |
|----------|---------------|------|------------|
| 073/2017 | Formannskapet | PS   | 12.09.2017 |

### Tilskot frå Masfjorden kommune til TV- aksjonen 2017 - UNICEF

#### Vedlegg:

##### Journalposttittel

TV- aksjonen: kommunebidrag

##### Dato

04.09.2017

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Masfjorden kommune gjev krone 10.000,- til årets TV-aksjon – UNICEF.**

**Midlane vert løyvd frå disposisjonsfondet.**

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn og fakta:

TV- aksjonen i 2017 skal gå til UNICEF sitt arbeid med å gje utdanning til barn i Syria, Pakistan, Sør-Sudan, Mali og Colombia.

Registrerte bidrag frå kommunane vil verta ein del av statistikken for kor mykje som vert samla inn frå den einskilde kommune, og vil verta synleg på hovudsendinga til NRK under TV-aksjonsdagen den 22.oktober.

Det vert vist til brev dagsett august 2017 frå fylkesaksjonsleiar for TV-aksjonen NRK, Hordaland.

#### Vurdering

Rådmannen vil vise til at Masfjorden kommune i mange år har gjeve bidrag til TV-aksjonen, og meiner at UNICEF sitt arbeid med å gje utdanning til barn i krigs- og konfliktområde er viktig.

Ei løyving på krone 10.000,- til dette arbeidet kan takast over kommunen sitt disposisjonsfond.

## **Formannskapet - 073/2017**

### **FS - behandling:**

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - vedtak:**

**Masfjorden kommune gjev krone 10.000,- til årets TV-aksjon – UNICEF.**

**Midlane vert løyvd frå disposisjonsfondet.**